



Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: f88efcab-0e85-4850-afe9-70bf366dc259

Vår: 23/3780 - 23/43411

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

05.06.2023

## Uttale VEG - områdereguleringsplan for Dalstø - Mjåtveitstø, PlanID 125620170002 - Intern høyring

Eigedomsforvaltning ved vegforvaltning har vore involvert i utarbeiding av plankartet og har god kjenskap til prosessen som har pågått i samband med veg- og vegarealformåla i områdereguleringsplan for Dalstø-Mjåtveit.

Avdeling vegforvaltning har følgjande merknader til plandokumenta:

### Trafikkanalyse:

Ser det ligg ved ei oppdatert trafikkanalyse frå 2020 – tillegg til analysa frå 2019. Stussar litt på at det er tatt høgde for at varelevering og deler av trafikken til skulen skal gå via industrifeltet. Dette er jo no omregulert til industriformål der det tidlegare var offentleg/privat tenesteyting. Dagens situasjon tileier at all trafikk skal gå via Mjåtveitmarka. Er usikker på om føresetnadane for trafikkanalysen no er rett og om den kan leggjast til grunn utan ei revidering. Det bør sjekkast opp i.

Det er og lagt opp til deling av trafikk mellom krysset i Mjåtveitmarka og krysset på Dalstø. Korleis det er tenkt gjennomført? Om det er planar om å stenge o\_KV10 fysisk for gjennomkøring kjem ikkje klart fram i analysen. Ei slik fysisk stenging vil vere avhengig av kor tilkomst til skulen si parkering og varelevering vert etablert. Det vil og vere avhengig av utbyggingstakt og kor tid o\_KV10 vert etablert med samanheng til krysset på Dalstø.

Det bør skrivast noko om dette i føresegnene til planen.

### Skisse fartsdempande tiltak og overvatn langs veg:

Denne skissa tek utgangspunkt i dagens situasjon utan 2 sidig fortau langs Mjåtveitmarka, frå Tjørnavegen og innover i feltet. Ved etablering av 2-sidig fortau slik planen legg opp til, krev det og handtering av overvatn då det ikkje lenger er grøft langs vegen. Det fins ikkje anlegg for å lede vegvatn vekk langs Mjåtveitmarka. Vegavdelinga er litt skeptisk til bruken av overgangsfelt. Overgangsfelt er eit tiltak for å sikre framkome på høgt trafikkerte vegar. Vi veit ikkje korleis gangmønsteret vert etter endringane i planen med fortau på begge sider av Mjåtveitmarka. Utan klare føresetnader for kor kryssingspunkta blir, kan overgangsfelt bli meir trafikkfarlege enn trafikksikre. Det er då betre at humpene blir etablert som trappes utan kvite striper. Då er det tilrettelagt for universal kryssing.

Fartshumpar og opphøga gangfelt som krev universell utforming, stiller og krav til sluk på kvar side av humpen for å lede vekk vatn. Dette vatnet må ledast vekk og krev eit ledningsnett for handtering av overvatn. Det er og fleire nedkøyrslar til parkeringsanlegg langs Mjåtveitmarka, noko som kan bli ei utfordring

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

i forhold til plassering av humpar og handtering av overvatn langs Mjåtveitmarka og samstundes ikkje lede vatn ned i desse parkeringskjellarane.

Bakgrunn for kvifor det ikkje er etablert anlegg for leding av overvatn frå veg i Mjåtveitmarka er usikkert då det ikkje fins skriftleg materiale på dette.

Når det kjem til oppmerking av kryssingsstad for gåande opp på fortau, er ikkje det i samsvar med handbøkene. Det skal alltid ved private avkøyrslar etablerast fortau med nedsenking, slik at fortaua er samanhengande og bilar skal vike for dei gåande ved inn- og utkøyring over fortau.

Det har vore snakk om å gjerde inn FRI02 med inngang i kvar ende. I så fall bør dei tilrettelagte overgangane samsvare med desse inngangane.

## **Føresegner:**

### *2.2 Eigartilhøve*

#### *Tabell 1*

Finn ikkje o\_AVG13,14, 16, 21, 40

Finn f\_AVG40 som ligg langs offentleg veg, feil kode?

#### *Tabell 2*

Bør seiast noko om kven/kva enkelte av desse punkta skal tilhøyre.

Eks.

PP02 er naturleg høyrer til barnehagen, men kva med PP01

GN01-02 blir ein form for restareal som heng i lause lufta.

Kven skal stå ansvarleg for dei ulike friareala og leik?

### *3.2.2 Detaljert VAO-rammeplan skal særskilt omhandla følgjande:*

Ynskjer eit punkt e)

Forslag til tekst:

Det skal leverast eigen plan for drenering av overvatn frå offentleg veg med oversikt over slukar, kor vatnet kjem frå og kor det vert ført til terreng/vassdrag/sjø.

### *4.2 Byggjegranser (ynskjer å tilføre raud tekst under)*

Tiltak nemnd i pbl § 29-4 tredje ledd bokstav a) og b) som frittliggjande garasje, uthus, liknande mindre tiltak, murar langs veg, parkeringsplassar på bakken og interne turvegar/stiar kan plasserast utanfor byggegrense.

**Gjeld ikkje byggegrense mot offentleg veg.**

Mindre justeringar av byggjegranser er tillate og må godkjennast av Alver Kommune ved rammesøknad.

### *4.4 Bustadtype og 4.5 Parkering*

Ei blokk i denne samanhengen er hokjønn, då heiter det fleire blokker.

#### 4.8 Kommunaltekniske anlegg (ØK)

Svært få felles bossoppstillingsplassar i plan. Der det ikkje er krav til detaljregulering bør det regulerast inn fleire punkt, slik at ikkje fortau og veg vert nytta til oppstillingsplass for bossdunkar. Mogleg dette er ivareteke i punkt 4.14.

#### 5.2 Køyreveg (KV)

f) *Tilkomst til BB01 tillatast via o\_KV05, o\_KV10 og f\_KV12 og f\_KV13.*

Ser det som uheldig å lage avkøyrsløp over o\_FO17 langs o\_KV05 for tilkomst til BB01. Ynskjer at all trafikk til dette området vert slusa via o\_KV10, f\_KV12 og f\_KV13.

#### 5.5 Gangveg / Gangareal / Gågate (GG)

Finn ikkje GG06 (offentleg) i plankartet.

#### 5.6 Anna veggrunn (AVT)

Ynskjer å få inn at ved matrikkelinndeling skal AVT vere ein del av vegegedommen.

#### 5.7 Anna veggrunn – Grøntareal (AVG)

Finn ikkje AVG77 i plankartet kor det kan tillatast snuhammar ved behov.

Ynskjer å få inn at ved matrikkelinndeling skal AVG vere ein del av vegegedommen.

#### 8.1 Frisiktsone H140

Ynskjer at alt som ikkje er fortau innanfor området frisiktsone vert markert som AVG/AVT i plankartet og at det inngår som del av vegarealet ved oppretting i matrikkelen (eigedomsholdet vil ikkje gjelde for eksisterande innmålte tomter i plan (Mjåtveitmarka)).

#### 10.4 Før bruksløyve til busetnad og anlegg (ynskjer å tilføre raud tekst under)

vii. Sluttdokumentasjon for offentlege veganlegg skal, i samsvar med krav i tekniske veg-/veglysnormalar og gjennomføringsavtale, vera godkjend.

#### 10.7 Felles infrastruktur

Det å berre skrive opparbeid er eit vidt begrep. Bør stå opparbeid og ferdigstilt med fast dekke (asfalt). Gjeld alle punkt i avsnittet.

#### 6.1.3 Turveg (TV)

Saknar henvisning til #4 i dette avsnittet. TV står ikkje i kartet og om ein ikkje hugsar at det er #4 frå lenger opp, er den vanskeleg å finne i plankartet.

Bør det skrivast noko i føresegnene om at turvegar/snarvegar vist i mobilitetskart skal merkast med tuveg-/snarvegskilt ved inn- og utgangar?


## Illustrasjonsplan:

I illustrasjonsplan for heile planområdet er skuletomta illustrert med ei tenkt løysning for arealbruk. Planområdet har krav til detaljregulering, men det er ikkje vist område for parkering. Det er eit visst krav til uteareal ved ein skule. Her er det i føresegnene planlagt for ein skule med 400 elevaplassar.

Er det areal att for parkeringsplass for tilsette og rørslehemma innanfor avsett areal? Bør det setjast av areal til parkering for å dekke behovet for tilsette, besøkjande utanfor det som er tenkt detaljregulert for skulen? Kan evt. regulerast inn med avkøyrsløse frå o\_KV10 i området GN10 og forlengje fortau fram til denne parkeringsplassen gjennom TD01 (omsynssone H570\_5).



Då kan ei framtidig moglegheit vere å stenge for trafikk og berre ha gangveg i området vist nedanfor for å fordele trafikken mellom kryssa Dalstø og Mjåtveitflaten:



Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG